

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dykkar ref.: **Vår ref.:**
2023/12822 - 95127/2023

Saksbehandlar:
Merete Eide Hernes

Dato:
01.09.2023

Samhandlingsseminar 12.12.2023

Seksjon for samhandling ved prosjekt «Trygge overgangar ved inn- og utskriving av pasientar» i Helse Bergen vil arrangere eit felles samhandlingsseminar tysdag 12.12.23 frå kl. 09:30 til kl. 15:00 i Bikuben kurs- og konferansesenter. Vi ønsker å invitere alle kommunane i vårt opptaksområde, saman med medarbeidarar i sjukehuset til å delta på seminaret.

Målet med seminaret er at medarbeidarar i både spesialist- og kommunehelsetenesta skal få økt kunnskap om kvarandre si arbeidskvardag, tenestetilbod, moglegheiter og utfordringar.

Målgruppa for seminaret er først og fremst medarbeidarar frå somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling i spesialist- og kommunehelsetenesta som jobbar pasientnært eller med saksbehandling, og som samhandlar om pasientar i inn- og utskrivingsprosessen mellom sjukehus og kommune.

Det vil bli sendt ut formell invitasjon med påmeldingsinformasjon på et seinare tidspunkt, men vi ønsker å gi dykk informasjon no, slik at de kan holde av datoen og planlegge deltakarar. Programmet er under utarbeiding i eit samarbeid mellom kommunar og føretak, og vil bli sendt ut saman med invitasjonen. Deltaking er gratis, reiseutgifter må eventuelt dekkes av arbeidsstad. Det blir servert enkel lunsj. Plassane vil bli jamt fordelt mellom sjukehus og kommunar. Grunna avgrensa plass vil kvar kommune i utgangspunkt få 5 plassar på seminaret - unntaket er Bergen kommune som vil få 10. Det vil også være mogleg å sette medarbeidarar på venteliste – eventuelle ledige plassar vil bli fordelt når påmeldingsfristen er omme.

Vi håper så mange som mogleg har lyst og anledning til å delta på seminaret, bli betre kjent og lære meir om kvarandre!

For meir informasjon, kontakt gjerne underteikna på e-post: merete.eide.hernes@helse-bergen.no eller telefon: 92210253.

Beste helsing frå

Merete Eide Hernes
Prosjektleder
Trygge overgangar ved inn- og utskriving av pasientar
Seksjon for samhandling

Dokumentet er elektronisk godkjent

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemdar: [eDialog](#)
- Offentlege verksemdar: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

ALVER KOMMUNE
AUSTRHEIM KOMMUNE
OSTERØY KOMMUNE
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE
EIDFJORD KOMMUNE
GULEN KOMMUNE
FEDJE KOMMUNE
KVAM HERAD
MASFJORDEN KOMMUNE
MODALEN KOMMUNE
Bergen kommune
VAKSDAL KOMMUNE
AUSTEVOLL KOMMUNE
SAMNANGER KOMMUNE
ULVIK HERAD
VOSS HERAD
ØYGARDEN KOMMUNE
Askøy kommune